

Kyrkjeklokka

Nr. 2 – 2019 Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld 83. årgang

Di stemme tel i Kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Norge. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 8.–9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også førehandsrøyste frå 10. august til 6. september.

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme både på kandidatar til soknerådet og kandidatar til bispedømerådet og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet står medlemmer av kyrkja på liste til å vere kandidatar til dei ni sokneråda dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje *inntil tre kandidatar ei ekstrastemme*. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Bjørgvin stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen Folkekirke

lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja.

Frå juss til gudsteneste

Arbeidet til sokneråda og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal syte for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Første veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem!

Les meir om kandidatane til begge vala i denne utgåva av Kyrkjeklokka og på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Visste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 52.323 kyrkjemedlemmer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.–9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4–10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemmer blir stemde inn i Kyrkjevalet 2019.



Foto: Kyrkjerådet

Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Takk til Ivar Kyrkjeeide

for lang teneste som kyrkjetenar for Nedstryn kyrkje
og sekretær for Nedstryn sokneråd



kyrkja. Ivar var seinare også tilsett som soknerådssekretær. Han slutta i begge stillingane i august 2018, men han har halde fram som vikar til vi fekk ny kyrkjetenar 1. mai i år.

Ivar har vore verdifull å ha i tenesta. Han har alltid hatt full oversikt over alt som har gått føre seg i kyrkja, og ved alle arrangement har alt vore på stell. Det har også vore ein stor fordel at han har vore næraste nabo til kyrkja når han har trengtest på kort varsel. Også som soknerådssekretær har han vore verdifull som limet mellom soknerådsperiodane ved at han har hatt oversikt over historia og alt som soknerådet treng å ta stilling til.

Vi saknar deg i tenesta Ivar, og vi håper at vi framleis kan nytte din kunnskap ved å spørje deg til råds når det trengs.

Ivar var tilsett som kyrkjetenar i Nedstryn frå mars 2003 då han overtok stillinga etter syskenbarnet Anders Kirke-

eide. Stillinga som kyrkjetenar har vore i slekta deira i fleire generasjonar, og Ivar saman med Anders har vakse opp i

Nedstryn Sokneråd
Svein F. Rønne

Ny kyrkjetenar i Nedstryn kyrkje

Nokre har vel alt lagt merke til ein ny medarbeidar i Nedstryn kyrkje. Han heiter Kyrre Johan Nordnæs og tok til i jobben som kyrkjetenar i Nedstryn frå 1. mai.

Kyrre kjem frå Lillehammer og bur no på Ulvedal. Han er utdanna TV-teknikar, og har ein allsidig bakgrunn frå jobbar som miljøarbeidar, vaktmeister, drosjesjåfør og fleire år som dreng og «altmulegmann» på DNT-hytte.

I tillegg til fast jobb som kyrkjetenar i Nedstryn, kjem Kyrre i sommar til å vikariere som kyrkjegardsarbeidar i heile kommunen.

Vi ynskjer Kyrre velkomen som medarbeidar!

Ny sekretær for Nedstryn sokneråd

Som ny sekretær for Nedstryn sokneråd er Olaug Tunold Aarøen tilsett. Ho har lang fartstid som typograf og diverse avisarbeid, og tok til i stillinga 1. mai.

Vi ynskjer Olaug velkoma som medarbeidar!





Også i år set Nedstryn sokneråd opp ein buss til Selje i samband med Seljumannamessa. Det var veldig sosialt og hyggeleg i fjor, og dessutan meir miljøvennleg enn at alle tek kvar sin bil. Vi inviterer folk i området til å vere med, og tilbyr turen for kr. 550.- pr. person, inkludert båtskyss over til øya. Avreise frå Stryn kl. 08.00, heime igjen om lag kl. 17.00.

I fjor hadde vi besøk av dronninga, i år blir det Oslobiskopen, Kari Veiteberg. Ho skal vere predikant under sjølve messa. Kari Veiteberg vaks opp på øya Stord i ein lærarfamilie, og har fortalt at «mor og far formidla ei raus, solid og sosialetisk forankra kristentru som eg aldri har hatt trong til å ta avstand frå». Då ho vart biskop, kom ho frå jobben som prest i Kirkens Bymisjon.



Oslobiskop Kari Veiteberg.

Elles medverkar musikarar og songarar frå regionen under leiing av organist Jon Inge Sigerland. Sokneprest i Selje, Eli-Johanne Rønnekleiv, er liturg, truleg den beste liturgen i området...

Det blir kollekt til Seljumannamessekomiteen, som ynskjer vel møtt på Selja til gudsteneste i klosterruinane.

Opplysningar om båtreise vil de etter kvart finne på Facebooksida som heiter Seljumannamesse, men dei som melder seg på til felles busstransport vil få direkte opplysningar gjennom oss. Meld dykk innan 23. juni til **henny.koppen@stryn.kommune.no**

Dei som vil opphalde seg i ytre strøk i litt fleire dagar, har fleire tilbod. Den 5. juli arrangerer Stadt Naturguiding tur langs den gamle pilgrimsvegen frå Dragseid til Liset. Den 6. juli, om kvelden, blir det mest sannsynleg ein konsert i Selje kyrkje. Og har du fri i tida 3.–7. juli kan du delta på Keltisk retreat på Holmely saman med Øystein Frivold og Britt Lundby Hilde. Deltaking på Seljumannamessa høyrer med også her. Brosjyre er å få på kyrkjekontoret.



Båttur til Selja.

Vil du gifte deg i kyrkja?

Drop-in vigsel i Nedstryn kyrkje 7. september

I september arrangerer Nedstryn sokneråd Drop-in-vigsel for tredje gong. Å gifte seg, - det er ein bra ting å gjere, og dette har vist seg å svare på eit behov. Dei som gifter seg får orden på alle formalitetar i forhold til skatt og arv og eigedom og meir slikt. Og vi trur at det ikkje er sjølv vigsla som hindrar folk i å gifte seg, det er festen etterpå, som blir for stor, for tidkrevjande og for belastande økonomisk. Difor tilbyr vi vigsel i Nedstryn kyrkje denne dagen, gratis og utan krav til noko anna enn at paret har med seg godkjent prøvingsattest frå skattekontoret. I desse dagar kan ein søkje om godkjenning over nettet, og det treng ikkje ta meir enn nokre få dagar før ein står med prøvingsattesten i handa. Å gifte seg kan altså skje nokså impulsivt. Denne dagen stiller soknerådet som vertskap, dei kan vere vitne til vigsla dersom forlovarane ikkje har høve til å vere med, og dei serverer kake i våpenhuset etterpå. Vi held ope frå klokka 12 – 15, og det er berre å kome.

Vil du gifte deg ute?

Drop-in-dåpen skjer i kyrkja på ein bestemt dag, men det går an å gifte seg «enkelt» elles og. Ta kontakt med eitt av prestekontora om du har slike planar. Og vi stiller opp utan dørs og, nær sagt der de måtte ynskje det. Kommunen har det same tilbodet, men dersom de ynskjer kyrkja si velsigning over ekteskapet, vender de dykk til ein prest. Om de planlegg store eller små bryllaup, enkelt eller storslått, inne eller ute, velkomne til kyrkjeleg vigsel. Her finn de søknads-skjemaet som kan sendast skattekontoret digitalt:

<https://kirken.no/nb-NO/bryllup/viktige-skjema/>

Sommaren er høgsesong for bryllaup



Hugs å ta kontakt med presten i god tid for å avtale kvar og når de ønskjer å gifte dykk. Og det er viktig å vere klar over at no skal alle papir i samband med vigsel leverast til FOLKEREISTERET der ein av brudefolka bur. Sjekk kyrkja.no sine nettsider for direkte link.

Ordninga for vigsel gjev brudeparet høve til å setje eit personleg preg på den kyrkjelege handlinga i nært samarbeid med prest og organist, ein kan m.a. velje mellom fleire skriftlesingar, og leggje inn ulike innslag med musikk og/eller symbolhandlingar som å tenne lys.



Vikarprest i sommar Jone Knudsen

Denne sommaren får vi ein student frå Misjonshøgskulen som vikar i indre Nordfjord. Prosten har gitt han gudstenester på både Per Bolstads plass, på særtrar og i dei fleste av kyrkjene våre, så det blir høve til å møte han mange stader.

Jone bur i Stavanger, og er snart ferdig med prestestudiet der. Frå 24. juni skal han bu i Loen og gjere teneste her hos oss.

*Vi ønskjer han velkomen til
fem gode veker i Stryn og Hornindal!*

Kyrkjelokka

Web: www.kyrkjelokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal og Stryn kommunar

Stryn kommune

Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri

Tlf 57 87 61 84

Mobil 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

57 87 61 80 Telefonsentral

57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl

57 87 61 81 (Onsdagar) Sekretær Anne L.

Honningsvåg

Hornindal kommune

Kyrkjevevje Anne Lødemel Honningsvåg

Tlf 57 87 98 34

Mobil 970 84 120

Måndag og torsdag kl. 09 - 14

anne.lodemel.honningsvag@hornindal.kommune.no

Redaktør for dette nummeret er

Olav R. Faleide

post@kyrkjelokka.no

Forretningsfører

abonnement / adresseendring:

John Selmer Skiftesvik

6788 Olden. Tlf 990 28 076

john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig.

Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

Hornindal kyrkjekontor

Postadresse: Postboks 24, 6761 Hornindal

Besøksadresse: Smia

Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no

Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

Hornindal prestekontor

Nordsida - Randabygd - Hornindal

Tlf 57 87 98 33

Mobil 930 01 473

Sokneprest Hege Høibye

sokneprest@hornindal.kommune.no

Innvik prestekontor

Olden - Utvik - Innvik

Mobil 911 84 241

Sokneprest Harald Runde

Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12

runde.harald@gmail.com

Stryn prestekontor

Loen - Oppstryn - Stryn

Tlf 57 87 61 85

Mobil 948 32 875/916 01 630

Sokneprest Henny Koppen

henny.koppen@stryn.kommune.no

Trusopplæring

57 87 61 82 Trusopplærar

Guro Petronella Enerhaug

guro.enerhaug@stryn.kommune.no

57 87 61 83 Kateket

Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog

Martine Bø Solbakken

martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Rettleiing frå slåttekarane

Det er høysesong for slått og anna stell på gravplassane, og dei tilsette står på for at kyrkjegardane skal vere velstelte. Dei har som mål å halde grasnet nede tettast mogleg inn til kvart enkelt gravminne. For at dette skal la seg gjere, er det nokre utfordringar som dei ynskjer publikum si hjelp til å løyse:

Alle gjenstandar som blir sett som pynt på gravene, må vere stabilt plasserte godt innanfor kanten på plantefeltet. Ver snill å ikkje sette vasar o.l. på sida eller bak gravsteinen, dette hindrar klipping av kantane rundt.

Små pyntegjenstandar, steinar o.l. har lett for å hamne i

graset utanfor plantefeltet, og er ikkje alltid lett å få auge på. Slike små objekt som hamnar under kantklipparen, blir som ein prosjektil som utgjer ein stor risiko for skade på dei som måtte vere i nærleiken.

Av omsyn til tryggleik for alle som ferdast på kyrkjegardane, og for at dei tilsette ikkje skal bli hindra i jobben, kjem ein med fylgjande sterke oppmoding:

– Sjå til at all pynt på gravene ligg stabilt, og er plassert godt innanfor kanten på plantefeltet.

– Ver særleg merksam på å ikkje la små steinar o.l. ligge lause på plantefeltet.



Henny Koppen

TANKAR LANGS VEGEN...



Salmesong

- eller i alle fall song

Eg hadde andakt på omsorgssenteret, og temaet var bøn. Ein av salmane eg hadde plukka fram var denne: «Langt bortom rømd som blånar, lenger enn soler går, høgre enn stjerner strålar, den barnlege bøna når». Så langt teksten, - salmen passa godt til temaet mitt. Denne kunne eg godt, den var mykje brukt heime på Sunnmøre i min ungdom, og sidan eg har tilnærma same alder som desse eg var saman med, valde eg han, trygg på at dette var kjent stoff.

Det var det ikkje, det var ingen som song, og slik er det vanlegvis ikkje på omsorgssenteret i Stryn. Her syng deltakarane. Var det ingen som kunne songen? Eg spurde, og fekk hovudristing til svar.

Vi kan altså ikkje dei same songane. I alle fall er ikkje alle songane våre fellesstoff. Og det ser ut til at det blir færre og færre. No skal det kanskje heller ikkje syngast i skulen lenger. Forslaget no er at det skal vere opp til læraren om det skal syngast i klasserommet. Og songen er stort sett borte frå allmennlærerutdanninga. Så kvar skal vi lære og kvar skal vi praktisere?

Har de tenkt over at det er nesten berre i kyrkja vi syng no for tida? Prestar og organistar plukkar ut 4-6 salmar til kvar einaste søndag. Dei skal passe til dagens tema, til opning og avslutning, til dåp og nattverd, og der skal vere balanse mellom bokmål og nynorsk, nytt og etablert stoff. Vi leitar etter det vi trur «alle» kan, og så innfører vi nye salmar ved å bruke dei om att og om att, gong på gong. Likevel får vi ofte høyre: Eg kan ikkje salmane lenger! Alt er nytt.


Dette er synd, for synging, særleg felles song er så sunt og så bra at de vil ikkje tru det. Legen Audun Myskja, som har jobba med musikk og helse i årevis seier det slik: «Song er like viktig for helsa som kosthald og trening». Og dette tek han ikkje ut av lause lufta. Song gjer noko med oss fysisk, kort sagt kan ein seie at det skaper glede og gjer godt for både ånd, sjel og kropp.




Om ein vil ha dette utbyttet nyttar det ikkje å slå seg til ro med at ein ikkje kan songen. Så kva kan vi gjere? Vi må rett og slett synge, la røysta lyde. I kyrkja set vi oss tettare saman, opnar salmeboka på rett nummer og prøvar. Beste måten å lære på, er å synge med – sjølv om melodien er ukjend. Vi prøvar oss fram med den stemma vi har, og brukar den notekunnskapen vi faktisk har med oss frå skuletida, og så siktar vi oss inn på melodien etter kvart. Å lytte seg til kunnskap om melodien er langt mindre effektivt.

Folk har stemme. Det veit vi frå barnehagen. Alle born syng. Alle kan, men nokon har slutta. Men på store fotballkampar høyrer vi song. Det er beviset for at stemma er der, songstemma. Kring om i kyrkjene våre blir det arrangert salmekvelder, eit helsebringande tiltak for kropp og sjel. Vi syng saman, salmar prest og organist trur at alle kan, og så lærer vi nokre nye, nokre som nettopp er tekne bruk, eller som skal brukast. Å synge er bra, og å synge i lag er endå betre.

Her kunne eg sjølv sagt oppmode alle om å begynne i eit kor, for DET er verkeleg bra for helsa, men salmesong på gudstenester er mest like sunt. Det bør prøvast.



Oddny under open himmel



Av
Oddny Torheim

Guds omsorg

Lina Sandell skreiv i 1861 ein av songane sine som har fått plass i den nye salmeboka. Første verset lyder slik:

*O Jesus, åpne du mitt øye,
så jeg kan se hvor rik jeg er!
Jeg har en Fader i det høye
som fader omhug for meg bær.*

I førre nummer skreiv eg om omsorg for kvarandre. Det er som ei horisontal linje. Eg er ikkje ferdig med omgrepet omsorg. Denne gongen skriv eg nokre tankar om Guds omsorg for oss. Det er som ei vertikal linje. Det er den linja Lina Sandell peikar på i dette verset.

Det er Hans omsorg for oss som viser seg i vår omsorg for kvarandre.

I fantasien kan du sjå desse linjene krysse kvarandre. Då ser du eit kors, trua sitt symbol.

Vi kan blade i dei mange bøkene i Bibelen, og vi kan finne ord og forteljingar om Guds omsorg.

Omsorg er ikkje berre vern, berging og velsigning. Nokre gonger er det prøvingar, straff eller rettleiing.

Vi finn mykje vondskap og villfaring når vi les i det gamle testamentet. Vi les om krigar, flaum, svolt og landeplagar av mange slag. Byar og land vart lagt øyde.

Gud grip inn. Nokre vert berga. Det står «Noah fann nåde hjå Herren. Han ferdast med Gud». 1. Mos. 6.8–9. Familien hans vart berga.

Abraham fekk rettleiing: «Far ut or landet ditt, bort frå folket og farshuset ditt, til det landet eg som eg vil syne deg. Du skal verte til velsigning.»

Moses stod ein dag ved den brennande klungerrunnen. Ordet lydde. «Eg har sett kor vondt folket mitt har det i Egypt og høyrte korleis dei klagar. Eg har stege ned og vil fria dei frå egyptarane.»

I øydemarka sytte Han for dei med manna og vatn og mange under skjedde, men det største var nok då han skreiv dei 10 boda på to steintavler. Gud såg at folket måtte ha levereglar. Det var til vern om fellesskapet mellom han og folket sitt, og til vern for fellesskapet menneska imellom, då som no.

Den største kjærleiken og omsorga viste Gud oss ved at han sende sin eigen son, Jesus Kristus til frelse for den som trur. Johannes uttrykte det slik: «Ja, sjå kor stor kjærleik Faderen har synt oss. Vi skal kallast Guds barn.» 1. Joh.3.1.

Vi er som det vesle veike barnet som ligg i armene på ein sterk far. Styrken er ikkje ført over på barnet, men barnet si berging er styrken i far sjølv. Vi får lov å leggje oss i Guds hender og føle oss trygge der. Der kan vi få lov til å leggje i frå oss synder, sorger, otte og all frykt.

I livet møter vi kanskje sjukdom, ulukke eller død i familien. Då er det lyse, lette og sjølsagde i livet borte.

Vi må også bere våre kors som vert lagde på oss. Det artar seg på ulike måtar i ulike menneske sitt liv. Når eg er svak, då er eg sterk fordi han får bere meg.

Tenk – eg skal få lov til å rekne med Hans omsorg i mitt liv, i alt som angår meg.

Augustin sa det slik: «Overgi fortiden til Guds barmhjertighet, nåtiden til Guds kjærlyghet og fremtiden til Guds forsyn».

*Vi har feira påske- og pinsehelg.
No ber vi om at vi får ein god velsigna sommar!*





LITURGISK HJØRNE

Av Hege Høibye

«Send din Ande»

Bøn er ein viktig del av gudstenesta: heile gudstenesta kan vi sjå som ei bøn, og mange av ledda er bønner sølv om dei ikkje blir innleidde med eit «Lat oss be» eller sluttar med eit «amen». Eg har tenkt å seie litt om ei særskilt bøn som er ein del av nattverdsbøna. Den kjem rett før innstiftingsorda, og opnar med orda: «Vi bed deg» eller «No bed vi deg».

På fagspråket kallar vi dette leddet for *epilkese*, som tyder på *kalling*. Det er ei bøn om at Faderen skal sende Anden over elementa, og nokre ord om kva som skal skje med oss når vi deltek i nattverda. Vi har fem nattverdbønner å velje mellom, samt tre alternativ i den forenkla ordninga for særskilde høve. Dei ulike nattverdsbønene har ulikt fokus som såleis legg vekt på ulike side ved nattverden. Til dømes seier nattverdbøn A:

«Vi bed deg: Send din Ande over oss og dine gåver, så vi i tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen», medan nattverdbøn D seier:

«No bed vi deg: Lat din Ande koma over oss og dine gåver, så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste og oppstadne Frelsar.»



I desse skilnadene er det likevel noko som er likt: vi bed om at Den Heilage Ande skal kome og gjere noko.

Vi har ei liknande bøn i dåpsritualet; når vi heller vatn i døypefonten og bed over det, avsluttar vi bøna med orda: «Send din Ande, så dei som blir døypte blir reiste opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.»

Sakramenta må oppfylle nokre krav for å vere sakrament. Eitt av krava er at dei skal ha eit element, noko fysisk: I nattverden *brød og vin*, i dåpen vatn. I sakramenta blir dei noko meir. Brødet er ikkje vanleg brød, men brødet til liv – slik nattverdbøn B seier. Vatnet er ikkje vanleg vatn, men ei *nådens kjelde* – slik bøna over vatnet seier.

Noko må gjere at dei blir noko meir, og det er Den Heilage Ande som set forandringa i verk. Difor er *epiklesen*, påkallinga av Anden, eitt av dei ledda som skal vere med, også i forenkla ordninga. Sjølv den korte bøna som blir brukt dersom det er for lite brød eller vin, har dette leddet med.

Vi bed om at Gud skal sende sin Ande, for det er Anden som bringer Gud nær. Det er Anden som gjer levande og som skapar nytt liv.

Klimapilegrim – vandregudsteneste på Kristi himmelfartsdag

Av Hege Høibye

Klimapilegrim er ei tverrkyrkjeleg folkerørsla der vi vandrar for klimarettferd. Klimaendringar rammer dei fattige og utsette hardest, medan rike land står for brorparten av utsleppa.

Ved å gå som klimapilegrim, gjev ein stemma si med føtene: ein registrerer stega sine på heimesida til rørsla, og desse blir sende til politikarane som signaturar: <https://www.klimapilegrim.no/om-klimapilegrim> I 2020 skal Norge vedta klimamål. Kravet frå Klimapilegrim er: «Eg vil ha ein rettferdig klimapolitikk der Norge bidreg med mindre utslepp og meir pengar til klimatiltak i utviklingsland.»

På Kristi himmelfartsdag den 30. mai, hadde vi ei vandregudsteneste i Hornindal som var ei klimapilegrimsvandring.

Evangeliet etter Matteus fortel at disiplane var saman men Jesus på eit fjell då han vart teken opp til himmelen. Vi planla difor å gå frå Hornødla bru til Hornindalssætra. Diverre var ikkje vêret på vår side, så vi enda med å gå omtrent halvvegs og så gå tilbake og avslutte ved brua. Det var kaldt og regn, men nokre tapre sjeler møtte opp og vi vart einige om å gjennomføre trass vêret, med nokre tilpassingar. Inge Haugen spela til songane, og vi vart 6 vandrarar som gjekk. Vi starta ved brua med song og bøn. Vi gjekk så innover mot sætra og stoppa tre gonger på vandrainga: ved ein stad vi kunne sjå menneskjespor i naturen, ved rennande vatn og i ly under store tre.

På kvar stad las vi og song, og kvar stopp hadde sitt tema og si handling. Vi bar med oss steinar frå starten av vandrainga og til første stopp. Der bad vi om tilgjeving for øydelegginga som vi menneskje er skuld i, og la frå oss steinane. Så tok vi med oss eit håpsteikn som vi bar med oss resten av vandrainga: ein grøn kvist eller eit blad. Ved vatnet minnst vi dåpen, ved trea stod vi saman i bøn, og når vi kom tilbake til brua, slutta vi gudstenesta ved å sende håpskvistane med elva ut i verda.

På Kristi himmelfartsdag minnst vi Jesus fór opp til himmelen. Då Den heilage ande kom på pinsedag, var det apostlane som skulle fortsette Jesu virke. I dag er det vi som er Jesu hender og føter i verda, ei del av den same historia som starta for nær 2000 år sidan. Nokre av utfordringane våre er dei same, andre er nye. Men vi har alle del i det same ansvaret som Gud gav oss menneske då han skapte verda: å teke vare på den verd vi er ei del av.



Jeg er en seiler på livets hav

Tekst: Henry Albert Tandberg
Melodien: Klaus Theodor Østbye

Jeg er en seiler på livets hav,
på tidens skiftende bølge.
Den Herre Jesus meg kursen gav,
og denne kurs vil jeg følge.
Jeg stevner frem mot de lyse lande
med livsens trær på de skjønne strande,
hvor evig sol og sommer er.

Iblant jeg seiler for medvinds bør
i andres kjølvann og følge
som just lik meg denne reise gjør
hen over jordlivets bølge.
Og havet smiler, og solen skinner,
min dag så stille og blid henrinner,
mens vinden fyller alle seil.

Men ofte ensom i brott og brann
i uværsmetter jeg seiler,
da ingen kjenning jeg har av land,
og intet fyrstårn jeg peiler.
Men når jeg nær tror mitt skip begravet,
da kommer Jesus på bølgehavet,
om først i siste nattevakt.

Mitt skip er lite og havet stort,
det rommer tusene farer.
Men storm og bølge ei skyller bort
det skip som Herren bevarer.
For ennå skjer det som før det gjorde,
når Jesus selv kommer innen borde:
da legger havet seg igjen.

Når siste storm er engang ridd av,
og hjemmets kyster jeg skimter,
jeg ser i solglans et annet hav,
krystall som funkler og glimter.
Jeg skuer portenes perlerader
og hører englenes myriader
som hilser meg velkommen hjem.

La ankret falle! Jeg er i havn
i ly for brenningens vover!
Jeg kaster meg i min Frelses favn,
han som har hjulpet meg over.
Og kjente, elskede stemmer kaller,
mens ankret sakte og stille faller
i evighetens lyse land.

*Til å skrive om «min salme»
neste gang, utfordrer jeg:
Annlaug Hole, Hornindal.*

Min salme

tankar av
Anitha Kvamme



Henry A. Tandberg (1871–1959) skrev denne salmen under en sykdomstid, da han var innlagt på sanatorium 1 år. Dit kom og en frelseroffiserkollega med tuberkulose, som døde. Under denne vanskelige tid skrev han denne salmen, så full av lys og fremtidshåp! Han såg lenger enn bare denne tiden, han såg helt inn i evighetens lyse rike! Denne sangen har blitt til oppmuntring til mangen livseiler/ livsvandrer som har trengt hjelp og støtte underveis.

Musikken ble laget av: Klaus Østby.

Gjennom hele mitt liv har jeg deltatt i song og musikk i kristne samlinger. Jeg var bare 4 år da jeg og min syster sang: «O, store Gud» tostemt på et møte i Ångermanland, Sverige. Vi vokste opp i bedehus på flere plasser i Nord-Sverige, og var med på alle møter, som var flere ganger i uka! Jeg spilte gitar, piano og orgel. De første 37 årene i pinsemenigheter i Sverige og de siste 30 årene som fungerende organist i Nordfjord.

Jeg har valgt meg: «Jeg er en seiler på livets hav», som forteller om den

trygghet vi får lov å ha i Jesus og i troen på Ham – i livets alle skiftende faser! Han er med «da havet smiler og solen skinner» og i «uværsmetter, da ingen kjenning jeg har av land og intet fyrstårn jeg peiler»!

Jeg leste en gripende historie om denne salmen:

Et skip ble torpedert og senket utenfor Irland, under krigen, 22. des. 1941. Halvparten av besetningen døde. Blant de sårede var 17 år gamle Kjell. Han hadde feber og lå i en døs. Ved 15-tiden på Juleaften slo han opp øynene og bad kaptenen Malmberg synge for seg. Kaptenen spurte hva han ville at han skulle synge. «Jeg er en seiler på livets hav», svarte Kjell. Men kaptenen kjente verken teksten eller melodien!

Likevel åpnet han munnen og begynte å synge. Ord fulgte ord, linje fulgte linje og vers fulgte vers. Kaptenen fortalte etterpå at det var som om noen holdt en bok foran ham med både tekst og melodi, eller som om det ble rullet opp en film for ham!

Og mens kaptenen sang de 6 versene av en sang han ikke kunne!, døde 17 årige Kjell med et fredfullt smil rundt munnen.

– Etter krigen møtte kaptenen Kjells mor. Før han fikk fortalt om guttens siste minutter, fortalte hun om at hun hadde vært så urolig for gutten sin og forsto at han var i stor fare, rundt Jul 1941. På Juleaften hadde hun tatt frem gitaren og sunget en sang som hun visste Kjell var glad i. Da hun hadde sunget ferdig, kjente hun en inderlig ro; da forsto hun at Kjell var død, men visste at han hadde det godt!

Selv om kaptenen visste svaret, spurte han likevel hvilken sang hun hadde sunget. Moren svarte at det var «Jeg er en seiler på livets hav», Kjell elsket den salmen siden han var en liten gutt.



**«Jesus kommer på
bølgehavet,
om først i siste
nattevakt»**

Konfirmasjonar 2019



KONFIRMANTANE I NORDSIDA. F.v.: prest Hege Høibye, Anders Fjellkårstad, Kristian Sølvberg, Tirild Elen Stensaker og Beate Heimlid Øiestad. **Foto:** Stian Øiestad Hogstvedt.



KONFIRMANTANE I OPPSTRYN. F.v.: Martine Erdal-Henriksen, Vilde Flo Kandal, Rasmus Flo, Sondre Lindvik, Amelia Teigum-Ytreeide, Taline Veum Stølen. **Prest:** Henny Koppen. **Foto:** Ole Eltvik.

Konfirmasjonar 2019



KONFIRMANTANE I OLDEN. Framme f.v.: Tuva Elisabet Hansen Vanberg, Ingrun Olina Agjeld, Ida Flo Larsen.
Bak f.v.: Henrik Melheim, Maya Eirin Løken, Bjørn Asle Hoddevik. **Prest:** Harald Runde. **Foto:** Ketil F. Hansen.



KONFIRMANTANE I INNVIK. Bak f.v.: Kristian Sunde Reme, Andreas Bøe Røyrvik, Peder Reme, Henrik Kjellelvold og **kateket** Beate. **Framme f.v.:** **Prest** Harald Runde, Aleksander Sunde, Sivert Vindfjell Frøholm, Vegard Verlo Reme og Emma Hammer Sårheim. **Foto:** Siv Hege Reme.

Konfirmasjonar 2019



KONFIRMANTANE I UTVIK. F.v.: Benedicte Gjerde Nesdal, Håvard Johan Hilde, Signe Kårstad. **Prest:** Harald Runde. **Foto:** Eva C. Kårstad.



KONFIRMANTANE I LOEN. Framme f.v.: Mia Kristiansen, Natalia Orlayova, Sedna Lipai. Bak f.v.: Amalie Erstad Hole, Aksel Erstad Hole, Christian Johannessen. **Prest:** Henny Koppen. **Foto:** Tom K. Kristiansen.



KONFIRMANTANE I HORNINDAL. Bak f.v.: Silje Chatarina Hatledal Svår, Nils Bakke Thronsen, Laurits Otterdal Heggen, **kateket** Beate Nes, Sander Misund Haugen, Jon-Magnar Kirkhorn Melsåsen, **prest** Hege Høiby, Emil Haugen-Sebastian, Håvard Øen Leirvik, Sunniva Kiviranta. Framme f.v.: Hege Anett Nygård Seljeset, Emma Dorthea Lødemel, Tara-Mari Hovden, Jenni Helén Nygård Leite. **Foto:** Marta Lystad Johansen.

Konfirmasjonar 2019



KONFIRMANTANE I NEDSTRYN. 1. rekke f.v.: Steinar Hauge, Emma Sæbø, Jørgen Trøsken, Maren Heggdal Olsen, Sindre Vinsrygg Steen, Vilde Indrebø Heisig, Knut-Bjarne Aaland-Skarstein, Ingeborg Lunde. **2. rekke f.v.:** Karoline Hetle Alsaker, Tobias Tansøy Veum, Siri Beinnes Lien, Oliver Øen Omberg, Åshild Svensli, Ole-Aleksander Margaja Sølberg, Silje Hundvebakke Raudi, Trym Torp Tvinneheim, **kyrkjelydspedagog** Martine Bø Solbakken. **3. rekke f.v.:** Kateket Beate Nes, Markus Lunde, Marius Sylte Røyset, Isak Sætre Loen, Catharina Fredriksdotter Leirvik Vinsrygg, Anders Haugen Vinsrygg. **4. rekke f.v.:** Maren Bø Håheim, Gjertlin Elidotter Kirkeeide, Kristoffer Egge Gjervik, John-Rasmus Sætre Torheim, Eirik Espe Vonheim. **5. rekke f.v.:** Martin Sætre, Eirik Flo Stavik, Karl Bergem Bø, Erik Paulsen. **Foto:** Ole Eltvik.



KONFIRMANTANE I RANDABYGDA.

Nora Olsen Skrede,
Anna Emilie Tytingvåg,
Ann Kristin Aaland og
Mai Sunniva Brendehaug Lysen.

Prest: Hege Høibye.

Foto: Øystein Tytingvåg.

Konfirmantåret 2018-2019

Tekst og foto: Martine Bø Solbakken



Takk for eit fint konfirmantår til alle konfirmantane i Indre Nordfjord!

Vi set pris på fellesskapet vi har hatt med dykk dette året. Takk òg til alle foreldre for nyttig og trufast hjelp. Her kjem nokre bildeglimt frå eit flott konfirmantår!

Helsing konfirmantleiarane





Tre av konfirmantane vart undervegs spurde om kva som er det kjekkaste med å vere konfirmant:

- Det eg synest er kjekkast med å vere konfirmant, er at vi får vere samla med andre konfirmantar frå andre stader. Aleksander Sunde, Innvik
- Eg synest det som er best med å vere konfirmant er å uttrykkje følelsar for kristendommen. Aksel E. Hole, Loen
- Det som er fint med å vere konfirmant er å gå i kyrkja og at ein får stadfesta dåpen sin. Kristian S. Reme, Innvik.



Kyrkjeto og tårnoppdrag

Tekst og foto: Kateket Beate Nes

Tårnagentopplegget er etter kvart godt kjent i bygdene våre. Samling for 3. og 4. klasse ei helg, med utforsking av kyrkja. Olden og Loen prøvde seg i år på ein ny variant, då det viste seg å vere vanskeleg å finne ei helg som passa i vår. I staden for helgesamling vart det invitert til taco-middag for heile familien på Solvang ein tysdag ettermiddag, og så var det kyrkjeoppdrag og kveldsgudsteneste i Olden kyrkje. Neste 50 små og store frå Olden og Loen var med denne kjekke ettermiddagen.







Heilt førsteklasse

Tekst: Martine Bø Solbakken

Etter sommarferien skal mange spente seksåringar byrje på skulen, og vi i kyrkja vil feire alle desse flotte seksåringane med ei heilt spesiell gudsteneste før skulestart! Vi oppmodar alle skulestartarar om å ta med skulesekken på gudstenesta, og så lovar vi at dei skal få noko kjekt å putte oppi! Foreldre, søsken, besteforeldre og andre er også varmt velkomne til å vere med, og saman skal vi lage fest for årets heilt førsteklasse seksåringar! og Hornindal kyrkje, men førsteklasingane frå Oppstryn, Loen, Innvik, Utvik, Randabygd og Nordsida er sjølvsaft også inviterte til desse gudstenestene. I kyrkja skal vi synge ilag, høyre ei forteljing frå Bibelen, få noko spennande å putte opp i sekken, og kanskje må vi sjå om ikkje Jesus også er med i sekken?

Mange, både store og små, kan nok få ei kjensle av å «gruglede» seg til skulestart. Ein både gleder seg og gruar seg på same tid. På gudstenesta skal vi snakke litt om dette. Invitasjon kjem i posten i byrjinga av august.

Familiedag ved Sagedammen

Tekst og foto: Martine Bø Solbakken

For andre året på rad vart det den 1. mai arrangert familiedag ved Sagedammen på Nordsida for familiar i heile indre Nordfjord. Det vart ein flott dag! Trusopplæringsutvalet, saman med kateket og kyrkjelydspedagog, hadde ansvar for planlegging og gjennomføring. På programmet var det båtsnekring, grilling, tippekonkurranse, loddtrekning, båt-race, leik, natursti, dramatisering og song. 2.-klassingar var spesielt inviterte. Neste år håpar vi at endå fleire familiar har lyst til å vere med, for opplegget fungerer godt uavhengig av alderen på borna i familien.

Alle borna fekk vere med i loddtrekninga.



Kven har snekra den raskaste båten? Klar, ferdig, gå!

Snekring av eigen båt var populært.

GRAVFESTE

- Feste av grav -** Ein avtale med kyrkjekontoret om å disponere ei grav mot betaling av festeavgift. Festar er den som er kontaktperson og ansvarleg for vedlikehald av grava.
- Festeavgift -** Ei årleg avgift for grava. Den vert kravd inn av fellesrådet kvart 5.år.
- Frigrav -** Ei grav som kyrkjekontoret tildelar ein avdød person frå kommuna, og som ikkje blir betalt festeavgift for i fredningstida (30 år). Om ein reserverar ei grav ved sida av, vert det rekna festeavgift frå gjeldane år sjølv om grava ikkje er teken i bruk, og den kan kun reserverast ved gravlegging. Ein gravstad har rett på berre ei frigrav.
- Urnegrav -** Ved bruk av urnegrav er det ikkje mogleg å reservere grav ved sida av, og det kan gravleggast opp til 6 urner i ei og same grava.
- Fredningstid -** Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging. Alle gravplassane i Stryn Kommune har ei fredningstid på 30 år.
- Plantefelt -** Det er vanleg at graver har eit plantefelt for blomster. Det er festar sitt ansvar at dette blir vedlikeholdt, og har ein ikkje høve til det, kan ein inngå ein stellavtale, eller gje beskjed til kyrkjekontoret om at plantefeltet skal såast att med grasfrø.

SLETTING AV GRAVFESTE

Når det ikkje lenger er ynskjeleg å feste ei grav, må det stadfestast skriftleg til fellesrådet.

Når ei grav vert 60 år, skal det sendast inn ein søknad til fellesrådet om vidare feste. Vi gjer merksam på at desse gravene har høgare festeavgift. Maksimal festetid er 90 år.

Gravminne er festars eigedom. Ved sletting av gravfeste kan festar sjølv fjerne gravminnet. Det som ikkje vert fjerna innan seks – 6 – månader vert fjerna av kyrkjegardsarbeidaren. Gravminnet blir mellomagra på kyrkjegarden før det vert sendt til destruksjon eit – 1 – år etter at grava vart sletta.

STELL- OG FONDAVTALE



STELLAVTALE:

Er ein skriftleg avtale mellom festar/stellkontakt og fellersåd. Våre kyrkjegardsarbeidarar plantar blomster våren (før 17. mai), og hausten, og steller etter behov.

For stellavtale vert det sendt ut faktura ein gong i året.

Oppseiing av avtalen må stadfestast skriftleg til fellesrådet.

FONDAVTALE:

Er ein skriftleg avtale mellom festar/stellkontakt og fellesråd. Festar/stellkontakt set inn eit beløp på fellesrådet sin fondskonto, der både stell og festeavgift blir trekt ved forfall. Det er opp til festar sjølv å bestemme lengda på avtalen og beløpet som skal settast inn. Når det er lite pengar att på fondavtalen vil festar motta eit brev om dette.

Oppseiing av avtalen må stadfestast skriftleg til fellesrådet.

Takstar pr. 01.01. 2019

Grav 0–60 år:

Pr. år kr 250,-

Pr. 5 år kr 1250,-

Grav over 60 år:

Pr. år kr. 500,-

Pr. 5 år kr. 2500,-

Stellavtale:

Pr. år /sesong kr 1200,-





Om dåp av store born, ungdommar og vaksne

På kyrkjekontoret har vi tilgang til medlemslistene i Den Norske Kyrkja. Og vi ser mellom anna at i Nedstryn sokn er det fleire born som ikkje er døypte, sjølv om foreldra er medlemmer hos oss. Dette er sjølvsagt foreldra sitt val, og mange utset dette med dåpen ut frå at borna skal få velje sjølv når dei blir eldre.



Og når dei blir eldre melder spørsmålet seg: Kan eg blir døypt no? Korleis kan dette skje, – må det vere i ei vanleg gudsteneste, der alle ser? Kan eg bli med på konfirmantundervisninga i kyrkja og bli konfirmert?

Og svaret er: Ja, du kan bli døypt når du vil, gjerne på ei gudsteneste, men vi kan og arrangere eigne dåpsgudstenester ved behov. Kva med konfirmasjonen? Det er døme på at unge fylgjer både kyrkja si undervisning og Human-Etisk forbund si undervisning samtidig, og så vel dei kvar dei vil bli konfirmerte til slutt. Alle ungdommar kan fylgje konfirmantundervisninga i kyrkja, men viss dei vil bli

konfirmerte utan å vere døypte som barn, blir det arrangert dåp før konfirmasjonen.

Kyrkjestaben i Stryn arrangerte drop-in-dåp i Loen for eit år sidan, men denne dagen var det ingen som dukka opp. Det kjendest kanskje litt for «lausleg». Men vi kjem nok til å invitere på nytt, og denne gongen har vi snakka om å vere i Nord-sida kyrkje, der det er enkelt å arrangere dåpsfest og servere kake i sidesalen. Dato for dette er ikkje bestemt enno.

Men om ingen kom til drop-in-dåp, har vi likevel hatt ei dåpsgudsteneste i Loen. Her vart fire ungdommar døypte, tre av dei konfirmantar og ein litt yngre. Dette er slett ikkje



uvanleg. Kvart einaste år blir udøypte ungdommar med i kyrkja si konfirmantundervisning, og vel dåp og medlemskap i kyrkja. På desse fire åra eg har vore prest har eg døypt 10 menneske som ikkje har vore babyar, men konfirmantar, store born og vaksne. Og ved fleire høve har eg døypt born som har nådd eitt-årsalder. Det er altså inga aldersgrense for dette, dåpshandlinga er like fin og like viktig same kva tid i livet det skjer.

Vi viser nokre bilete frå dåps-gudstenesta i Loen, der soknerådet sto for arrangementet og mellom anna serverte kake til alle som var til stades. Berre ta kontakt, så finn vi eit høve til dåp.



Loen sokneråd på Bygdepride

Kva er Pride, og kvifor skal eit sokneråd involvere seg i eit slikt arrangement?



Pride er ei feiring av «skeiv kjærleik», ei markering og synleggjering av mangfaldet innan seksualitet, kjønn og kjærleik. Mange «skeive» fryktar framleis stigmatisering og diskriminering, særleg ute på bygda, og paraden er ein støttmarsj der alle kan delta. Bygdepride kjem av eit behov for å «opne bygdene». Målet er auka aksept og innsikt, likeverd i samfunnslivet, og at du kan vere stolt og open, uansett kva legning du har.

Loen sokneråd vart inspirert av Mental Helse Stryn sin invitasjon til å delta i støttmarsjen. Soknerådet var samstemde i at dette ville vi vere ein del av, sjølv om ikkje alle hadde høve til å bli med. Det var med forventningar, glede og engasjement vi reiste til Bygdepride i Volda, og det vart ein fantastisk, fargerik og flott parade, som vi er stolte av å ha delteke på.

Merksemda vi fekk, både under og etter paraden, overraska oss. Svært mange har uttrykt støtte, glede og takksemd for at vi var der. Det viser for det første at det ikkje er så vanleg at eit sokneråd deltek på eit slikt arrangement. For det andre understrekar det kor viktig det er at kyrkja, på alle nivå, viser seg open og raus og deltek på slike tilstelningar. Folk forventar det truleg ikkje av oss. Dei forventar kanskje heller at vi tek avstand eller er stillestående i slike samanhengar. Loen sokneråd vil slett ikkje vere stille! Vi vil

visе vår støtte til mangfaldet av kjærleik og samliv. Soknerådet vil vere tolerant og inkluderande, og det same ønskjer vi av kyrkjelyden vår og av heile kyrkja. Vi håpar vi kan motivere andre sokneråd og fleire av dei tilsette i kyrkja til å delta i slike støttmarsjar framover.

Loen sokneråd vil utvide «ramma» og femne alle. Om vi meiner noko med fine ord og vendingar som likeverd, toleranse, mangfald og respekt, så må det gjelde alle menneske, ikkje berre utvalde grupper. Viss vi lagar oss smale rammer for kven som lever rett og riktig, kven som lever eit ordentleg kristent liv osv., fell mange menneske utanfor. Vi kan ikkje sjå at dette harmonerer med den budskapen Jesus forkynte. Kven var vel rausare enn han?

Tenk deg til dømes eit ungt, kristent menneske, som strevar med å finne eit trygt fotfeste i livet, og som veit at han eller ho ikkje kan definere seg som heterofil. Korleis kjennest det å få klar melding frå kyrkjelege autoritetar om at «du er feil»? Å kjenne på at du er unormal, å få beskjed om at du lever eit liv i synd, det kan ta livsmotet frå eit menneske. Den kristne budskapen skal ikkje ta livslysta frå folk, tvert i mot!

Om ein sit i soknerådet eller ikkje, om ein er kristen eller ikkje, vi har alle eit ansvar for å ta vare på våre medmenneske.

– Loen sokneråd –

TRE LISTER VED BISPEDØMERÅDSVALET I BJØRGVIN

Valrådet i Bjørgvin har motteke og godkjent tre lister til valet av sju leke medlemmer til bispedømeråd

Dei tre listene er, i alfabetisk rekkefølge, Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekyrkje si liste.

Ved fristen for innlevering av listeforslag den 30. april, oppfylte alle tre listene krav om minst 20 prosent kandidatar under 30 år og minst 40 prosent kandidatar av kvart kjønn. Alle har også kandidatar frå minst tre prosti i bispedømet. Fristen for å trekka seg frå eit listeforslag var 6. mai kl. 14.00. Då hadde to kandidatar frå nominasjonskomiteens liste og ein kandidat frå Open folkekyrkje si liste trekt seg. Listene er likevel godkjende.

LISTEFORSLAG BØNNELISTA

Stein Oltedal, Naustdal. f. 1952
Solaug Anita Apelthun Sæle, Fjell. f. 1951
John Eivind Warvik, Ortnevik. f. 1994
Anne Kristine Torvik Christiansen, Fjell. f. 1954
Øyvind Skartveit, Tysnes. f. 1992
Magdalena Steinhovden, Naustdal. f. 1947
Stig Bruun, Rådal. f. 1968
Jan Frank Leirkar Christiansen, Fjell. f. 1952
Anna Helena Bruun, Rådal. f. 1974
Andreas Skjelde. Slettebakken. f. 1993

LISTEFORSLAG NOMINASJONSKOMITEENS LISTE

Vemund Atle Øiestad, Nordsida i Nordfjord. f. 1948
Turid Fjose, Voss. f. 1969
Per Hilleren, Stedje. f. 1959
Mali Smemo Hjemdal, Etne. f. 1973
Gerhard August Hansen, Os. f. 1951
Daniel Kydland, Knarvik. f. 1997
Madli Kvamme Hannisdal, Osterøy. f. 1950
Leif Steinar Alfsvåg, Stord. f. 1959
Harald Berge Breistein, Åsane. f. 1956
Arve Kjell Uthaug, Frekhaug. f. 1967
Kristian Slettebø, Bergen. f. 1989
Liv Oddlaug Skaaheim, Førde. f. 1948
Ingrid Grimstad, Stord. f. 2000

LISTEFORSLAG FOR OPEN FOLKEKYRKJE

Karl Johan Kirkebø, Bergen f. 1950
Nora Sætre Baartvedt, Voss. f. 1994
Runar Larsen, Sveio. f. 1997
Line Berggreen Jacobsen, Bergen. f. 1986
Oddny Irene Miljeteig, Bergen. f. 1954
Eiel Holten, Bergen. f. 1968
Åse Kongsvik, Leikanger. f. 1962
Erik Torp Nilssen, Førde. f. 1947
Torill Jørgensen Frøise, Askøy. f. 1972
Håkon Glatved-Prahl, Alversund. f. 1956
Marit Melvær Berge, Florø. f. 1952
Christian Emil Haugen, Bergen. f. 1990
Therese Nesse Mokkelbost, Bergen. f. 1973
Ann Elisabeth Tveit, Bergen. f. 1972

Evt. klage med krav om endring av valrådet sine vedtgak om å godkjenne eller forkaste eit listeforslag, må framsettast innan sju dagar etter offentliggjerjing av overskriftene på dei godkjente vallistene, jf. valreglane § 7–7.

I tillegg til dei sju leke medlemene, skal det veljast eitt medlem av og blant prestane, og eitt medlem av og blant andre (lek) tilsette i kyrkja. Desse to veljargruppene har sine egne lister.

STEMMETILLEGG

Nomineringsgruppene Bønnelista og Open folkekyrkje har gitt stemmetillegg til sine to øvste kandidatar. Det betyr at desse får eit stemmetillegg i sitt personlege stemmetal på 25 % av det talet stemmesetlar lista mottar i valet. For nominasjonskomiteens liste er det ikkje høve til å gje slikt stemmetillegg.

Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Listeforslag for prester og lek kyrkjeleg tilsette

I egne val i perioden frå 15. juni til 9. september skal prestane velje en prest som medlem i bispedømerådet. Dei andre kyrkjelege tilsette innanfor Bjørgvin bispedøme skal også velje sin representant til rådet i same periode. Dei to listene kan supplerast ved at høvesvis prestar og lek tilsette, minst ti i talet og med representasjon frå minst to prosti, kan fremje alternative kandidatar innan 5. juni.

Lek kyrkjeleg tilsette, alfabetisk ordna

Jostein Bildøy, konfirmasjonsansvarleg, Kinn
Ingrid Pedersen Furdal, kantor, Sveio
Astrid Fylling, diakon, Løvstakksiden
Beate Nes, kateket, Stryn
Dag Reidmar Pettersen, kyrkjelydspedagog, Sund

Geistlege kandidatar, alfabetisk ordna

Kjersti Brakestad Boge,
– sokneprest i Kvinnherad, Sunnhordland prosti
Hege Høiby,
– sokneprest i Hornindal og prostiprest i Nordfjord prosti
Magnar Haaland,
– sokneprest i Ulvik og Granvin, Hardanger og Voss prosti
Tor Martin Koppang,
– sokneprest i Biskopshavn, Åsane prosti
Kjersti Gautestad Norheim,
– sokneprest i Birkeland, Fana prosti

Alle kandidatar blir etter kvart presenterte på www.kirkevalget.no og www.kyrkja.no/bjorgvin, med bilde, namn og personalia. Dei leke kandidatane sitt syn på kyrkjelege aktuelle spørsmål blir presentert av den enkelte lista.

KYRKJEVALET 2019

Sokneråda sine lister 09. september 2019

OPPSTRYN

Namn	Fødd	Adresse
1 Birger Skåre	1957	6798 Hjelledalen
2 Kari Nielsen Berge	1959	6799 Oppstryn
3 Sonja Skaare Esperø	1963	6798 Hjelledalen
4 Astrid Palma Sandvik	1958	6799 Oppstryn
5 Katrina Elisabeth Flo	1963	6783 Stryn
6 Magnus Arne Glosvik	1970	6799 Oppstryn
7 Edvard Aarnes	1961	6799 Oppstryn
8 Beate Øvreberg Glomnes	1969	6798 Hjelledalen
9 Elin Hege Sunde	1965	6799 Oppstryn
10 Johnny Stølen	1977	6783 Stryn
11 Olaug Petra Samuelsen Mork	1964	6799 Oppstryn

NEDSTRYN

Namn	Fødd	Adresse
1 Margaret Perdy Venøy Flo	1952	6783 Stryn
2 Øystein Myklebust Hesjedal	1980	6783 Stryn
3 Silje Kristin Frøysa	1984	6783 Stryn
4 Marianne Lunde	1963	6783 Stryn
5 Jan Bakke Flore	1977	6783 Stryn
6 Michelle Lindvik	1988	6783 Stryn
7 Helga Renate Espe	1976	6783 Stryn
8 Samuline Beate Seljeset	1990	6783 Stryn
9 Jarle Fretheim Konstali-Lødemel	1978	6783 Stryn
10 Elisabet Bø Nesdal	1967	6783 Stryn
11 Nina Ytreeide	1973	6783 Stryn
12 Lise Helen Holsten	1990	6783 Stryn
13 Vidar Stavik	1973	6783 Stryn
14 Monika Mundal Olsen	1974	6783 Stryn
15 Arlinn Oddny Sanden	1966	6783 Stryn
16 Heidi Bergh Hagen	1978	6783 Stryn

LOEN

Namn	Fødd	Adresse
1 Jorun Brattaker Loen	1981	6789 Loen
2 Målfrid Karin Romsøe Sæten	1962	6789 Loen
3 Sissel Loen	1950	6789 Loen
4 Kjell Edvin Solheim	1963	6789 Loen
5 Anne Merete Seime Rasmussen	1966	6789 Loen
6 Per Bjarte Myren	1965	6789 Loen
7 Kari Haugen	1957	6789 Loen
8 Jørn Andre Moen	1976	6789 Loen
9 Marie Kristin Taklo	1991	6789 Loen
10 Ingunn Rake	1963	6789 Loen
11 Knut Roar Skåden	1975	6789 Loen
12 Anne Wathne	1963	6789 Loen
13 Anne Irene Nybø Vonheim	1971	6789 Loen
14 Endre Cato Solheim	1975	6789 Loen
15 Sissel Johannessen	1973	6789 Loen
16 Thor Morten Hauglum Eide	1977	6789 Loen
17 Inger Martha Loen	1972	6789 Loen
18 Terese Kvalheim Sæten	1984	6789 Loen
19 Beate Elin Kristiansen	1972	6789 Loen
20 Ove Jan Sæten	1962	6789 Loen
21 Bård Olav Myren	1986	6789 Loen
22 Mariel Barstad Sæten	1988	6789 Loen
23 Kenneth Seime Rasmussen	1989	6789 Loen
24 Kariann Aga Nygård	1978	6789 Loen
25 Egil Magne Olsbø	1967	6789 Loen

OLDEN

Namn	Fødd	Adresse
1 Reidun Marit Brynstad	1960	6788 Olden
2 Joar Sunde	1970	6788 Olden
3 Bjørg Elin Løken	1947	6788 Olden
4 Arne Jostein By	1948	6788 Olden
5 Jorunn Aa Myklebust	1953	6788 Olden
6 Tove Kristin Vedlog	1970	6788 Olden
7 Leiv Arne Skarstein Egset	1970	6788 Olden
8 Erling Briksdal	1955	6791 Oldedalen
9 Toril Skåre Osvik	1987	6788 Olden
10 Rune Fredheim	1973	6788 Olden
11 Astrid Andrine Melheim	1968	6788 Olden
12 Brita Olaug Kvamme	1951	6788 Olden
13 Kjartan Urne	1976	6788 Olden
14 Kristin Blindheim	1985	6788 Olden
15 Kristina Sunde Helstad	1997	6788 Olden
16 Sigurd Strand	1960	6788 Olden

INNVIK

Namn	Fødd	Adresse
1 Else Marit Nesdal Paulen	1957	6793 Innvik
2 Jon Arne Hilde	1950	6793 Innvik
3 Solveig Anne Nyberg Heggdal	1964	6793 Innvik
4 Harald Petter Heggdal	1959	6793 Innvik
5 Torill Olaug Bennæs	1954	6793 Innvik
6 Jan Paulen	1956	6793 Innvik
7 Anita Valaker Aaning	1983	6793 Innvik
8 Oddbjørn Reme	1980	6793 Innvik
9 Maren Lisbeth Lyslo Øren	1955	6793 Innvik
10 Siv Anita Gjerde	1980	6793 Innvik
11 Terje Raftevoll	1968	6793 Innvik
12 Arild Terje Drageset	1971	6793 Innvik
13 Espen Aarreberg	1973	6793 Innvik
14 Henning Skogstad	1976	6793 Innvik
15 Jill-Trude Dyrvang	1971	6793 Innvik

UTVIK

Namn	Fødd	Adresse
1 Leiv Tore Kårstad	1971	6797 Utvik
2 Mette Carlsen	1971	6797 Utvik
3 Oddvar Veiteberg	1963	6797 Utvik
4 Jorunn Skinlo Tisthamar	1956	6797 Utvik
5 Lars Erik Hage	1985	6797 Utvik
6 Bjørg Anita Valaker Njosen	1978	6797 Utvik
7 Anders Olav Valaker	1960	6797 Utvik
8 Oddhild Dordi Hilde	1961	6797 Utvik
9 Ragnvald Skrede	1958	6797 Utvik
10 Berit Johanne Nesdal Hage	1959	6797 Utvik
11 Tor Anders Hestad	1974	6797 Utvik
12 Inger Karine Gjerstad	1961	6797 Utvik
13 Odd-Roger Heggdal	1968	6797 Utvik
14 Bente Susanne Frøystad Hilde	1974	6797 Utvik
15 Carl Wilhelm Hage	1987	6797 Utvik
16 Reidun Løtuft Solheim	1967	6797 Utvik
17 Unni Verlo	1972	6797 Utvik
18 Hilde Stenseth	1962	6797 Utvik
19 Solveig Anny Blindheim	1963	6797 Utvik

RANDABYGD

Namn	Fødd	Adresse
1 Edvin Rand	1961	6796 Hopland
2 Irene Susann Stensaker	1974	6796 Hopland
3 Jakob Hammer	1954	6796 Hopland
4 Inger Johanne Hopland	1974	6796 Hopland
5 Johnny Tvinnereim	1962	6796 Hopland
6 Anne-Maren Takle	1971	6796 Hopland
7 Wenche Henden	1956	6796 Hopland
8 Stig Ove Nesbakk	1986	6796 Hopland
9 Trine Rand	1970	6796 Hopland
10 Inger Anne Hopland	1994	6796 Hopland
11 Torill Hopland	1957	6796 Hopland



NORDSIDA

Namn	Fødd	Adresse
1 Rasmus Ivar Gald	1951	6795 Blaksæter
2 Ingild Sætren	1973	6783 Stryn
3 Bernt Ragnvald Veddegjerde	1973	6795 Blaksæter
4 Jorunn Elisabeth Beinnes Roset	1964	6795 Blaksæter
5 Kjell Ove Bergset	1970	6795 Blaksæter
6 Gunnhild Bergset	1958	6795 Blaksæter
7 Nancy Britt Ulvedal	1970	6795 Blaksæter
8 Oddmund Teigland	1944	6795 Blaksæter
9 Berit Elsa Holen Nygård	1954	6795 Blaksæter
10 Aslaug Håøy Nygård	1955	6783 Stryn
11 Lillian Merete Gausnes Fenn	1966	6795 Blaksæter
12 Steinar Almenning	1971	6795 Blaksæter



HORNINDAL

Namn	Fødd	Adresse
1 Christine Johanne Birgitte Helgesen Haugen	1979	6763 Hornindal
2 Harald Svein Vartdal	1954	6763 Hornindal
3 Anita Brenna Muldsvor	1970	6763 Hornindal
4 Arvid Sølvberg	1963	6763 Hornindal
5 Aud Kobberstad	1961	6763 Hornindal
6 Anita Saltkjel	1976	6763 Hornindal
7 Harald Peder Stennes	1955	6763 Hornindal
8 Solveig Heggen	1955	6763 Hornindal
9 John Even Brendefur Frøysa	1980	6763 Hornindal
10 Eldbjørg Gausdal Kobberstad	1957	6763 Hornindal
11 Anne Britt Seljeset	1961	6763 Hornindal

Kyrkja
treng deg!



TAKK FOR BIDRAG TIL ÅRETS FASTEAKSJON!

Tala frå årets fasteaksjon er klare, og vi vil gjerne få takke alle som gav! Vi vil også takke sokneråd, konfirmanter og foreldre for den store dugnadsjobben dei har gjort!

Så til resultatet for i år: Til saman i dei ni bygdene våre har vi samla inn kr. 117.732. Då er pengane både frå bøsse og Vipps rekna med. Det vil seie at vi har sørga for at 588 menneske får reint vann resten av livet.

Utvik	kr. 11 275
Innvik	kr. 9 132
Olden	kr. 18 823
Loen	kr. 6 730
Nedstryn	kr. 25 640
Oppstryn	kr. 6 681
Nordsida	kr. 18 250
Randabygd	kr. 4 135
Hornindal	kr. 17 059





Slekt
skal følgje
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

UTVIK

DØYPTE:

- 15.04. Isak Frantzen Brandal.
For. Vebjørn Brandal og
Kristine Frantzen.

VIGDE:

- 19.05. Ellen Hilde Hauge og
Jan Erik Nesdal.
(Vigd i Olden gam. krk.)

DØDE:

- 03.04. Leidulf Andreas Kårstad f. 1936

INNVIK

DØYPTE:

- 18.04. Silas Skrede Kjellelvold.
For.: Kim André Kjellelvold og
Ane Skrede.

VIGDE:

- 09.03. Rikard Blindheim og
Henriette Walaker.

DØDE:

- 12.05. Magne Berstad f. 1944

OLDEN

DØDE:

- 17.02. Hjalmar Jakob Borg f. 1939
06.03. Gunnhild Myklebust f. 1925
11.03. Signe Otelie Auflem f. 1924
31.03. Sølvi Froestad Håheim f. 1945
09.05. Auný Asla Auflem f. 1927

LOEN

DØYPTE:

- 24.02. Sofia Inthira Hogrenning.
24.02. Natalia Orlayova.
24.02. Amalie Erstad Hole.
24.02. Ariel Erstad Hole.
17.03. Emily Myren Bergh.
For. Cecilie Westervik Myren og
Trygve Bergh Lande
17.03. Emrik Tenden Molland.
For. Gunlaug Sande Tenden og
Ørjan Dispen Molland
14.04. Jax Johan Strand Beinnes.
For. Elisabeth Strand og
Jan Michael Beinnes.

VIGDE:

- 17.03. Gunlaug Sande Tenden og
Ørjan Dispen Molland

HORNINDAL

DØYPTE:

- 02.02. Naomi Heggen Humborstad.
For. Nathalie Heggen og
Jim Tore Humborstad.
10.03. Laura Pauline Prøven Faulk.
For. Silvia Prøven Tangen og
Erik Charles Faulk.
10.03. Ada Lødemel Sollid.
For. Mathilde Olin Lødemel og
Håvard Sollid.
10.03. Rasmus Charles Brendefur.
For. Crystal Rose Lloyd
og Rasmus Einar Brendefur.
14.04. Madeleine Kristensen Knoph.
For. Ivrine Marie Kristensen og
Håkon Walter Da Silva Knoph.
21.04. Maria Cecilia Kirkhorn.
For. Esterlane Maria de Sousa
Alcantara og Arne Kirkhorn.

DØDE:

- 12.03. Erling Sigmund Maurset f. 1926
19.03. Kjellfrid Pernille Kongsvik f. 1927
12.04. Kåre Hermann Raftevold f. 1930
24.04. Andreas Olai Nanfred
Tomasgaard f. 1944
28.04. Olina Nora Haugen f. 1931
15.05. Per O. Lødøen f. 1932

NORDSIDA

DØYPTE:

- 03.03. Theodor Saure-Magnussen.
For. Trude Iren Saure og
Peder Magnus Magnussen

NEDSTRYN

DØYPTE:

- 07.04. Hanna Sande Setvik.
For. Kristine Sande og
Øyvind Setvik.
28.04. Anine Johanne Førde Mundal.
For. Anja og Terje Førde Mundal.
05.05. Malin Tomasgard Dvergsdal.
For. Elise Virginia Alejandra
Tomasgard og Eystein Storevik
Dvergsdal. Døpt i Eid kyrkje.

VIGDE:

- 29.03. På Bøasætra.
Solrun Gjelsvik og
David Magne Alden.

DØDE:

- 26.03. Malena Bøe f. 1930
27.03. Harald Otto Mathias Løvdal f. 1942
11.04. Ingebjørg Else Jevnlid f. 1944
20.04. Olav Lars Bøe f. 1955

OPPSTRYN


DØYPTE:

- 21.04. Iselin Lacastesantos Skåre.
For. Linda May Lacastesantos og
Daniel Gundersen Skåre.

DØDE:

- 21.02. Wenche Cesilie Nesheim f. 1963
28.03. Per Berge f. 1938
10.05. Gunda Brekke f. 1922





SØNDAG ER KYRKJEDAG

Gudstenester i Indre Nordfjord

*Vi gjer merksam på at det kan verte endringar.
Nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa «Fjordingen».*

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja!

23. juni; 2. s i treeingstida – Joh 3, 1-13

Nedstryn 11.00 Gudstenesete. Ved Henny Koppen.
Utvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

30. juni; 3. s i treeiningstida – Mark 10, 13-16

Hornindal 11.00 Gudsteneste. Ved Hege Høiby.
Erdalsætra,
Oppstryn 14.00 Friluftsgudsteneste. Ved Jone Knudsen.

07. juli; 4. s i treeiningstida – Matt 9, 35-38

Innvik 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
Selja, Selje 12.00 Seljumannamesse. Buss frå Stryn kl. 08:00

14. juli; 5. s i treeiningstida – Matt 18, 12-18

Olden 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.
Nordsida 11.00 Gudsteneste. Ved Jone Knudsen.

21. juli; Aposteldagen / 6. s i treeiningstida – Mark 3, 13-19

Per Bolstads-
plass 11.00 Gudsteneste. Ved Jone Knudsen.
Hornindal 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.

28. juli; 7. s i treeiningstida – Mark 5, 25-34

Loen 11.00 Gudsteneste. Ved Jone Knudsen.
Myklebuststøylen,
Utvik 14.00 Støylsmesse. Ved Jone Knudsen.

29. juli; Olavsdagen / Olsok – Luk 22, 24-27

Olden
gamle kyrkje 18.00 Olsokgudsteneste. Ved Henny Koppen.
Oppstryn 20.00 Olsokgudsteneste. Ved Henny Koppen.

04. august; 8. s i treeiningstida – Mark 12, 28-34

Nedstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Anders Svor Museum,
Hornindal 12.30 Kulturgudsteneste. Ved Hege Høiby.
Utvikfjellet, kafeen
14.00 Gudsteneste. Ved Tore Myklebust.
Høve til å kjøpe mat og kaffi.
Innvik 16.00 Gudsteneste. Ved Hege Høiby.

11. august; 9. s i treeiningstida – Luk 6, 36-42

Loen 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Nordsida 11.00 Gudsteneste. Ved Hege Høiby.
Olden 16.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.

18. august; 10. s i treeiningstida – Mark 11, 25-26

Nedstryn 11.00 Fyrsteklassesgudsteneste. For Oppstryn,
Nedstryn og Loen. Ved Henny Koppen.
Hornindal 11.00 Fyrsteklassesgudsteneste. Ved Hege Høiby.

25. august; 11 s i treeiningstida – Joh 8, 31-36

Bommeneset,
Oppstryn 11.00 Friluftsgudsteneste. Ved Henny Koppen.
Lie, Innvik 14.00 Friluftsgudsteneste. Ved Harald Runde.
Ljosheim,
Oldedalen 19.00 Kveldsgudsteneste. Ved Harald Runde.
Samling på Yrineset etter gudstenesta.

01. september; 12. s i treeiningstida – Joh 4, 24-30. 39-43

Kjenndalen,
Loen 11.00 Friluftsgudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Ved Henny Koppen.
Olden 11.00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane og konfirmantjubiläum. Ved Harald Runde.
Nordsida 11.00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Ved Hege Høiby.
Nedstryn 19.00 Salmekveld. Ved Henny Koppen.

08. september; 13. s i treeiningstida – Joh 15, 13-17

Utvik 11.00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane og konfirmantjubiläum. Ved Harald Runde.
Randabygd 11.00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Ved Hege Høiby.

15. september; Vingardssøndag – Matt 19, 27-30

Nedstryn 11.00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Ved Henny Koppen.
Ljosheim,
Oldedalen 11.00 Gudsteneste, med familien Sulebakk. Ved kateket Beate Nes.
Hornindal 11.00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Ved Hege Høiby.
Innvik 11.00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Ved Harald Runde.

22. september; 15. s i treeiningstida – Joh 15, 9-12

Oppstryn 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.

29. september; 16. s i treeiningstida – Matt 11, 16-19

Mikkelmesse i 2019 – Joh 1, 47-51

Nedstryn 11.00 Hausttakkefest. Ved Henny Koppen.
Olden 11.00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde.
Nordsida 11.00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok. Ved Hege Høiby.
Innvik 16.00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde.
Loen 18.00 Salmekveld. Ved Henny Koppen.





Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden

Speidargruppa søkjer menn

– Av Henny Koppen –

I Stryn har vi ei stor og aktiv speidar-gruppe, og kvart år er det mange born som tek til på ei karriere i speidaren. Vi er ikkje så få leiarar, men med det patruljesystemet vi har, så kjenner vi på at vi fort kan bli for få likevel.

Vi har eit reelt problem – vi har for få menn. Vi meiner at patruljer med gutar skal ha mannlege leiarar og førebilete, og vi prøvar så godt vi kan, kvart einaste år, å rekruttere menn til denne interessante og meningsfulle oppgåva.

Mange menn er interesserte i friluftsliv, turar i skog og mark, kanopaddling, fisking, kanskje til og med orienteringsløp og overnatting ute i det fri. Og vi veit at mange er flinke med born, med leik og instruksjon av spennande oppgaver som til dømes bruk av kniv og anna verktøy, tauverk og knutar. Mange er engasjerte i naturvern, og kan mykje om mangfaldet i naturen rundt oss.

Alt dette samsvarar godt med det speidarane held på med. Programmet



«Blåvatnet» er frå ein haik Speidarane hadde inn til Blåvatnet i Hornindal hausten 2018.

byggjer på desse fem «søylene»: Kristen tru, Fellesskap, Friluftsliv, Personleg utvikling og Samfunnsengasjement. Som døme på kva desse fem punkta inneheld kan nemnast: Speidargudsteneste, Patruljesystemet med små grupper, Utandørs aktivitet på nær sagt alle møte, Trening i å ta ansvar for programinnslag og turar, søppelrydding og julebukkaksjon til støtte for eit prosjekt.

Kvart år er vi med på leir, ei helg eller ei veke, der vi bur i telt og har all aktivitet ute. Alle leiarar får oppfylgning gjennom leiar møte, felles planlegging av se-

mesterprogram for patruljen, og om nødvendig følgje av ein røynd leiar gjennom det første året.

Gutar treng menn, og dette er eit strålende høve til kontakt og til å vere med på ein allsidig og positiv påverknad til eit innhaldsrikt liv. To grupper med gutar står utan leiar til hausten. Menn – ta kontakt med gruppeleiar Henny Koppen, tlf. 916 01 630, e-post: henny.koppen@stryn.kommune.no

– og kvinner er også alltid velkomne til gruppa vår.

KAFFIKROKEN



Neste nummer får du i posten rundt 25. september. Redaktør vert Knut Sigurd Gald. Vi tek gjerne i mot stoff på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 23. august.